

## HALLINGDAL FRAMOVER

### Notat til samling 4 – 5.10.2018

#### Bakgrunn

- [Notat frå dagleg leiar, dat 19.6.2018](#)

- Sak 41/18 Hallingdal framover


Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta saka med bakgrunn i notat 19.6.2018.

#### Vedtak

*Det blir gjennomført eit eige arbeidsmøte for regionrådet/rådmannsutvalet. Som ein del av grunnlaget førebur den einskilde kommune ein presentasjon, som skal synleggjera mogelegheiter og utfordringar. Møte blir planlagt gjennomført i oktober og det skal vurderast eventuell ekstern bistand.*

- [Strategisk plan for Hallingdal](#)

#### [Prosjekt Livskvalitet](#)



#### Føremål

**Føremålet med samlinga er å koma fram til korleis Hallingdal kan gjera ei sterkare felles innsats for etablering av nye arbeidsplassar i regionen.**

*Sjølv om Hallingdal har næringar som er sterke og har vekstpotensiale vil ikkje dette vera nok til å sikre ein framtidsretta region, med nødvendig variasjon i eksisterande og nye type arbeidsplassar. Hallingdal vil vera avhengig av ein vesentleg del tilflytting i framtida. Me er i dag sårbare i eit for einsidig næringsliv. Og me klarar ikkje rekruttere nok av "våre eigne".*

## **Korleis koma fram til målet**

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, men med 6 sjølvstendige kommunar. I ein slik samanheng har alle kommunane i Hallingdal sine styrker som dei andre kommunane nyte godt av, direkte og indirekte. Og det kan vera områder der det både er nødvendig og klokt å lene seg på naboane.


**På samlinga blir den einskilde kommune utfordra på å presentere/fortelja om styrker, nye satsingar og eventuelle utfordringar som resten av regionen kan dra nytte av, eventuelt hjelpe til med. Inntil 15 min. på kvar.**

Type spørsmål kan t.d. vera:

- Kva er din kommune sine største fordelar som Hallingdal kan ha nytte av?
- Kva er din kommune sine største fordelar relatert til næringslivet, som Hallingdal kan ha nytte av?

Ta gjerne ein kikk på [notat oppsummering fra Hallingtinget si samling 29.-30.10.2015](#).

Matrisa under ([Regional analyse Buskerud 2017](#)) syner noko av biletet, høg bustadattraktivitet og ikkje så god på næringsattraktivitet.



Figur 37: Bosteds- og næringsattraktivitet til regionene i Norge i perioden 2007-2016.

Hallingdal som ein region med lite dag inn/utpendling i høve til arbeid, må i stor grad sikre seg både arbeidskrafta og arbeidsplassane.

Ut frå kommunane sine innspel er målsettinga å dra dette saman til ei felles kraft, som kan vera med på å setja Hallingdal på kartet i endå sterkare grad enn i dag, når det gjeld etablering av nye arbeidsplassar i Hallingdal. Og korleis kan me saman klare å synleggjera Hallingdal sine kvalitetar og fortrinn på ein slagkraftig og spennande måte, der me verkeleg blir lagt merke til?

## **Arbeidsform**

Me har engasjert [Klaus Røiri](#) til å vera med som prosessrettleiar. Han har ein viss kjennskap til Hallingdal ikkje minst frå arbeidet med Innovasjonsløft Hallingdal, der han har vore med frå Innoco på alle samlingane.

Når det gjeld korleis samlinga blir organisert i detalj er me ikkje heilt i mål, men me trur dette vil vera med å skapa den plattforma me treng for vidare arbeid.

Me forventar engasjement og konstruktive drøftingar til beste for kommunane og Hallingdal som region.

Hallingdal, 27.9.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar